

REFERAT FRÅ ÅRSMØTET for 2010 I IVELAND IDRETTSLAG onsdag 23. februar 2011 på Posten i Kommunehuset.

Unni Homme opna møtet og ynskte velkommen. Ho kunne opplysa om at leiaren Tomas Belland diverre var forhindra frå å møta.

Det møtte 11 personar på årsmøtet.

1. Godkjenning av innkalling og saksliste.

Innkalling og saksliste vart godkjend.

2. Val av møteleiar, referent og to til å skriva under møteboka.

Unni Homme vart vald til møteleiar, MaritFjordheim til referent og Ivar Mjåland og Helge Håverstad til å skriva under møteboka.

3. Årsmelding.

Marit Fjordheim las årsmeldinga for hovudlaget.

Kåre Åsen las årsmeldinga for fotballgruppa.

Tone Kristine Berge las årsmeldinga for friidrettsgruppa.

Marit Fjordheim las årsmeldinga for sykkelgruppa.

Rune Fossli las årsmeldinga for fotballgruppa.

Einar Mjåland rosa skiløypene. Han gjorde framlegg om at det vert lagt giroar på bilane som parkerer ved skiløypene, slik at dei som ynskjer det kan gje ein sum til skigruppa/idrettslaget. Rune opplyste om at skigruppa arbeider med dette.

Det kom også framlegg om at det bør stå noko om innmelding i idrettslaget på lagets heimeside og med jamne mellomrom i Bygdebrevet. Det vart også presisert at det er viktig at dei som deltek på treningane er medlemmer i laget sidan idrettslaget si forsikring berre gjeld dei som er medlemmer.

4. Rekneskap.

Evelyn gjekk gjennom rekneskapen. Laget har eit overskot på kr. 65.000 i 2010.

- Sykkelgruppa: Kasseraren hadde ikkje fått inn bilag frå sykkelgruppa. Difor hadde kasseraren vald å setja opp denne rekneskapen på eit eige ark. Sidan ho ikkje kunne gå god for denne rekneskapen hadde ho ikkje ønska å ta den inn i hovudrekneskapen.

Ogde Triatlon gjekk med eit underskot på kr. 2.700,-. Det kom ikkje inn sponsormidlar til arrangementet.

- Fotballgruppa: Her mangla det bilag frå damelaget. Senior menn har delvis innlevert bilag.

- Lotteriet: Loddbøkene burde koma ut i god tid til seljaren (ei veke før trekninga) slik at ein kunne fått seld fleire lodd.

Kommentarar til rekneskapen:

- Praksisen med manglande innleverte bilag må ordnast opp i, i det komande året.

Leiaren og kasseraren må sjå på dette og leggja inn gode rutiner.

Rekneskapen vart godkjent, jfr. Revisorrapporten, med eit tillegg om at verdien av tråkkemaskinen må koma fram i balansen, sjå pkt. 1206 i rekneskapen.

5. Innkomne forslag/saker.

Ingen.

6. Fastsetjing av medlemskontingenten.

Medlemskontingenten vert uendra:

Familie – 200 kr.

Vaksen – 100 kr.

Barn/ungdom under 18 år – 50 kr.

7. Budsjett.

Det vart ikkje lagt fram budsjett for hovudlaget.

Alle gruppene la fram forslag til budsjett.

Evelyn vil laga ein mal for oppsett av budsjett i gruppene.

Styret undersøker om det var snakk om kr. 10.000,- i Fokehelsetiltak til skiløypekjøringa?

Det er ikkje sett opp utgifter til brøyting av P-plass ved skiløypene. Det kjem ny P-plass ved Ivedal sommaren 2011. Helge Håverstad gjorde framlegg om at skigruppa søker kommunen om å dekke utgifter til brøyting av P-plassane. - Kommunen kan ta det inn i sitt vanlege brøyteopplegg.

Vidare rosa Helge idrettslaget for aktiviteten innafor dei ulike gruppene. Dette møtet viser god aktivitet i gruppene, det kjem til nye utøvarar og idrettslaget gjer ein viktig jobb med å aktivisere born og ungdom.

8. Val.

Tomas Belland og Evelyn Molle Honnemyr var ikkje på val.

Marit Fjordheim og Unni H. Homme hadde sagt frå seg attval. Valnemnda hadde ikkje klart å finna nye kandidatar til desse verva og vil arbeida vidare med dette fram til fyrste styremøtet.

Leiarar av undergruppene: Rune Fosli (ski), Tone Kristine Berge (friidrett), Kåre Åsen (fotball) og Arnulf Bærheim (sykkel).

Årsmøtet gav styret fullmakt til å godkjenna gruppestyrene på første styremøtet.

Revisorar: Attval, 1 år: Bjørn M Engestøl og John Tomas Homme.

Valkomitè: Attval, 1 år: Odd Inge Urdal (leiar), Einar Mjåland og Svein Tarald Omestad.

Idrettsmerkeansvarleg: Olaf Engestøl, 1 år.

Repr. i Iveland kommunes idrettsråd: Leiaren.

Marit og Unni er no formelt sett ute av styret, men vart oppmoda om å stilla på fyrste styremøtet.

Ref.: Marit Fjordheim

.....
Ivar Mjåland

.....
Helge Håverstad